



## Byglandsnytt nr. 46 – juni 2023

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700,  
post@bygland.kommune.no. [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)  
Neste utgåve: 04. juli 2023. Send tips innan 29.06.

### Opningstider Bygland kommunehus

- Sentralbord/**Publikumsmottaket**: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

**Evje og Bygland legesenter** tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

- **Bygland legekontor** er stengt over sommaren (sjå s. 3)
- **Evje legekontor**, Ljosheimvegen 5, 4735 Evje  
måndag til fredag kl. 08.00 - 15.00

**Tannlegeklinikken i Bygland** via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95  
Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

**Folkebiblioteket i Bygland** tlf. 945 22 025

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	-
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

### Politiske møte, sakspapir og protokollar

[www.bygland.kommune.no/innsyn](http://www.bygland.kommune.no/innsyn)

- **Levekårsutvalet**: 05.06. kl. 09.00
- **Rådet for eldre og funksjonshemma**: 12.06. kl. 12.00
- **Bygland ungdomsråd**: 12.06. kl. 15.30
- **Kommunestyremøte**: 05.06. kl. 17.00 og 15.06. kl. 09.00

## Kunngjeringar

### Hamren - varsel om igongsetting av detaljregulering, planID 202101

#### Avgrensing av planområdet

Kopi av varslingsbrev (på bokmål):

«I henhold til Plan- og bygningslovens §§ 12-3 og 12-8 meldes det oppstart av detalj- regulering for gnr./bnr. 45/12, 45/24, 45/28 og 45/44, m.fl. i Bygland kommune.



Planarbeidet utføres av Prosjekthuset AS og Simon Stulien Plan på vegne av Tone Simonstad Knutsen og Tore Knutsen

#### Eiendomsforhold

45/12, 45/24, 45/28 og 45/44, samt 0/1 (Byglandsfjorden) og 600/39 (riksvegen)

#### Målet med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å lage en detaljreguleringsplan som tilrettelegger for to nye boliger i området. Regulerte tomtegrenser/ formålsgrenser mellom tomtene vil enkelte steder fravike dagens grenser, for å få bedre kvaliteter på tomtene. Det er også et mål å oppdatere bestemmelsene for de eksisterende boligene. Utover boligbebyggelsen vil det ses på muligheter for å regulere brygger med tilhørende grillbu/ uthus e.l. til tre av tomtene.

#### Overordnet planstatus og oppstartsmøte

[...] (full tekst finn du på Bygland kommune si heimesida)

#### Innspill til planarbeidet

Dersom du har spørsmål og eventuelle skriftlige kommentarer, merknader, opplysninger m.v. som kan ha betydning eller interesse for planarbeidet, kan dette sendes

Simon Stulien Plan v/ Simon Stulien Logndalsvegen 6, 4540 Åseral, simonstulien.plan@gmail.com, +47 91 92 92 72

Frist for merknader er **9. juni 2023**»

Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:

[www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html](http://www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html)

## Ledige stillingar

**Bygland Kommune, Pleie og omsorg: 100%**

**Trivselskoordinator**

Søknadsfrist **09.06.2023**. Webcruiter-ID: 4668071665



### **Om stillinga**

Helse- og omsorgstenesta i Bygland kommune søker etter ein engasjert medarbeider til stilling som trivselskoordinator. Hovudbasen for stillinga vil vere på Byglandsheimen, med avdelingsleiar som overordna. Arbeidstid er primært dagtid, men det er ønskjeleg at den som vert tilsett kan delta på aktivitet/arrangement på ettermiddag/kveld etter behov.

### **Arbeidsoppgåver**

- Bidra til utvikling av kultur, aktivitet, trivsel og fellesskap.
- Fysisk, kognitiv og sosial stimulering av bebuarar på sjukeheimen.
- Organisere aktivitetar og arrangement.
- Vidareføre og utvikle dagtilbod for seniorar.
- Tverrfagleg samarbeid internt og eksternt.
- Utvikle samarbeidet med frivillige og andre samarbeidspartnarar
- Vere kommunens representant i hukommelsesteamet i Setesdal.
- Bidra til innføring av velferdsteknologi i eininga.
- Bestille hjelpemiddel frå NAV.
- Delta i fagnettverk.

Les meir om stillinga i annonsen på Webcruiter.

### **Kontaktinformasjon**

Andre spørsmål om stillinga kan rettast til avdelingsleiar Kristina Ose tlf. 995 30 799 eller e-post [kristina.ose@bygland.kommune.no](mailto:kristina.ose@bygland.kommune.no)

*Informasjon om ledige stillingar i Bygland kommune finn du på heimesida [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no) under meny punkt Ledige stillingar*

## Helse

### **Byglandsheimen**

Open dag på Byglandsheimen onsdagar kl. 11.00 -14.00.

Programansvarleg: Margit Smedsland, tlf. 90 22 55 03. Variert program. Enkel servering.



*Bilete: Byglandsheimen.  
Fotograf: Margit Smedsland*

## **Evje og Bygland legesenter samler ressursene sine på Evje midlertidig** (tekst frå Evje og Hornnes kommune si heimesida, på bokmål)

Hjelpepersonell og leger som er tilknyttet Evje og Bygland legesenter, samles nå på samme avdeling: på avdelingen på Evje. Avdelingen på Bygland ble fra tirsdag 23. mai 2023 midlertidig lukket.



*Bilete: Foran Evje og Bygland legesenter avd. Evje: Kommunedirektør i Bygland kommune, John S. Sigrindnes, kommuneoverlege Åsulv Horverak og kommunedirektør i Evje og Hornnes kommune, Frantz A. Nilsen. Foto: Evje og Hornnes kommune*

- Situasjonen med manglende ressurser innenfor legetjenesten krever at vi tar grep, sier kommunedirektør i Evje og Hornnes kommune, Frantz A. Nilsen, og fortsetter:

- For at vi skal kunne tilby en sikker og god tjeneste til innbyggerne i Bygland og Evje og Hornnes kommuner, er vi nødt til å samle kompetansen og ressursene på ett sted. Det er ikke en ønsket situasjon å være i, men frem til vi får flere ressurser på plass, ser vi oss nødt til å lukke avdelingen på Bygland og operere ut fra én avdeling, på Evje.

Han understreker:

- Ved å samle oss og kunne hjelpe hverandre, kan vi fremdeles tilby gode tjenester til alle som har behov for det.

### **Lukkes midlertidig**

Legesenteret sin avdeling på Bygland lukkes til de nødvendige ressursene er på plass. Slik det ser ut per nå, får legesenteret nye ressurser i løpet av august/september.

Det arbeides med å rekruttere nytt personell, og det vil fortløpende bli tatt vurderinger om det er nok ressurser på plass for at det kan være forsvarlig å åpne avdelingen på Bygland igjen.

- Foreløpig kan det derimot se utfordrende ut, sier Nilsen.

I mellomtiden vil altså innbyggere i de to kommunene ha tilbud om legetjenester fra legesenteret sin avdeling på Evje.

### **Vurderer hvert tilfelle**

Når man henvender seg til Evje og Bygland legesenter, blir hver pasient vurdert ut fra hvilke symptomer og helseutfordringer de måtte ha. Blir pasienten vurdert til å trenge legehjelp raskt, får pasienten det. I tilfeller hvor det blir vurdert at det er mindre alvorlig og kan vente, må pasienten vente lenger på time.

- Vi understreker at de som har behov for legehjelp, skal få det. Er det noe som virker alvorlig, skal man ikke nøle med å ta kontakt med legesenteret, sier kommuneoverlege i Bygland og Evje og Hornnes, Åsulv Horverak.

### **Samarbeider om rekruttering**

Kommunene jobber offensivt med rekruttering på flere felt. Både gjennom personlig kontakt med hjelpepersonell og leger med lokal tilknytning, som kommunene ønsker å friste hjem igjen, og mer langsiktig arbeid, for å gjøre både tjenesten og området her mer attraktivt for dem.

- Dette arbeidet gjør personellet og de to kommunene i fellesskap, kommenterer kommunedirektør i Bygland, John S. Sigridnes.

### **Informerte formannskapene**

Kommunedirektør Frantz A. Nilsen og enhetsleder helse i Evje og Hornnes, Sigmund Olav Syrtveit, har informert om situasjonen rundt bemanning av legetjenestene i formannskapene i både Bygland og Evje og Hornnes tidligere denne måneden.

### **Ny leiar Setesdal barnevern**

Setesdal barnevern er ei interkommunal teneste som gjev tenester til barn, unge og deira foreldre i Bykle, Valle og Bygland. Hedda Schaanning overtok frå 1.1.2023 som leiar etter Kari Nomeland-Strømsøe. Schaanning har arbeidd i Setesdal barnevern i fleire år, også som konstituert leiar.

Hedda, som er vernepleiar av utdanning med mastergrad i sosialt arbeid, og som no er i ferd med å fullføre ein mastergrad i offentlig administrasjon og leiing, leier eit team med mykje fagkompetanse.



*Bak frå venstre: Cornelia Langfeldt, Hilde Berit Bjørnarå, Hedda Helene Schaanning. Framme frå venstre: Inger Lise Gjerden og Nora Mauseth. Foto: Valle kommune*

Cornelia Langfeldt og Nora Mauseth er utdanna barnevernspedagogar, Inger Lise Gjerden er vernepleiar med mastergrad i sosialt arbeid, medan Hilde Berit Bjørnarå er sosionom med mastergrad i sosialt arbeid. Alle har erfaring frå tilsvarande arbeid i andre offentlege instansar.

Barneverntenesta har i alt 5,2 årsverk og held for tida til i kontora i kjellaren på Valle Bygdeheim.

Barnevernet si oppgåve er noko enkelt sagt å take vare på dei mest utsette barna, verne barna mot omsorgssvikt og sikre barna tryggleik og utviklingsmoglegheiter. Les meir om barneverntenesta her: <https://www.valle.kommune.no/barnevern.523879.nn.html>

## Drift og forvaltning

### Colorlinetour 2023

Sykkelrittet Colorlinetour 2023 finn i år stad laurdag 3. juni. Rittet følgjer den tradisjonelle traseen langs RV9 frå Kristiansand til Hovden



Bilete frå tidlegare Colorlinetour

Dei første syklistane startar frå Hampa kl. 0500 - siste pulje ut ca kl. 0900. Det er forventa omlag 750 deltakarar fordelt på rundt 20 puljer.

For Bygland kommune sin del:

- Det vil bli omkøyring frå Byglandsfjord og nordover via Senum og FV304 som tidlegare. Trafikken vil bli styrt inn her frå rundkøyninga før Byglandsfjord sentrum
- Det vil vere matstasjon på Shell (Tappen) på Bygland som tidlegare
- Syklistane vil bli leia inn på FV323 forbi Åraksbø til Ose. På Ose vil FV323 vere stengt for biltrafikk sørover i ein periode fram til siste syklist har passert Ose bru. Det vil vere trafikkdirigentar/løypevakter og skilting der det er behov
- Dugnadsfolk frå Bygland IL vil stå ved matstasjonen, det same gjeld i hovudsak løypevakter/trafikkdirigentar
- Politiet vurderer kor lenge vaktene skal stå og kva tid trafikken kan gå ordinært langs RV9/fylkesvegar

### Anbodskonkurranse for vintervedlikehald av vegar

Bygland kommune har kunnngjort ein open anbodskonkurranse for vintervedlikehald av kommunale og private vegar for Bygland med omegn



Bilete: Brøyting. Fotograf: S. Hegenscheidt

Kontraktperioden vil vere frå 15.10.2023 t.o.m. 15.04.2027 med moglegheit for opsjon i 2 år til (1 + 1).

Anbudsfristen er **26.06.2023**

Konkurransedokumenta kan du finne ved å logge deg inn på portalen <http://www.doffin.no>, den nasjonale kunnngjeringsdatabasen for

offentleg innkjøp. Konkurransgrunnlaget kan også bli utlevert ved å be om det skriftleg til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)

## Andre prosjekt i Drift og forvaltning

- Det blir sommaren 2023 teken inn fleire skuleelevar for ulike sommarjobbprosjekt rundt om i kommunen. Tak vel imot dei.
- Statens Vegvesen og entreprenør TT – anlegg har som mål at rundkøyringa ved Shellstasjonen på Bygland skal vere ferdig innan fellesferien startar. Arbeidet er i rute.
- Arbeidet med å planlegge rehabilitering av Priveten på Byglandsfjord stasjon har kome langt i planlegginga. Det fysiske arbeidet er planlagt å starte opp like etter sommarferien.
- Det er publisert brøyteanbod for roda «Bygland m. omeng» på den nasjonale anbodsbasen [www.Doffin.no](http://www.Doffin.no). Kontraktperioden er lyst ut for 4 år med oppsjon på 2 år.
- Planen er i løpet av sommaren å bytte ut ventilasjonsaggregatet og UV – anlegg til symjehallen på Bygland skule. Det gamle utstyret er over 15 - 20 år og treng ei kjærkomen oppgradering.

## Tiltaksplan for villrein: Korleis betre forholda for villreinen i Setes- dal Ryfylke og Setesdal Austhei



*Bilete: Villrein. Fotograf: Inge Olav Fjalestad*

Det vil bli halde eit digitalt innspelsmøte med referansegruppa den 23. mai kl. 18-20 for alle som er interesserte. Referansegruppa er open for alle.

Regjeringa har gjort vedtak om at det skal greiast ut tiltaksplanar for fleire nasjonale villreinområde. Statsforvaltaren i Agder leiar arbeidet for villreinområda i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei.

Statsforvaltar inviterer alle interesserte og rørde partar til å kome med innspel til tiltak som kan betre forholda for villrein i desse områda via deira digitale innspelsløyising.

Frist for å kome med innspel er **5. juni**.

Det er også oppretta ei referansegruppe for prosjektet. Denne gruppa er open for alle, og vil motta oppdatert informasjon undervegs i arbeidet.

*For meir informasjon sjå Bygland kommune si heimesida.*



## Arrangement Presteneset 2023?

Har du nokon planar om, eller ynskjer å bruke Presteneset til arrangement sommaren 2023?

### Oversikt over arrangement

Følgjande tidspunkt er opptatt, men det moglegheiter for fleire arrangement sommaren 2023!

#### Dato                      Arrangement

21. - 30. juli      Området er booka av Bygland luftsportsklubb (Gamaveka Extreme)



*Bilete: Lislefarm på Presteneset 2018. Foto: Bygland kommune*

### Sommaren 2023

Området er drifta og forvalta av Bygland kommune. For å få ein oversikt, og god avvikling av eventuelle arrangement, så ber me om at aktuelle aktørar hendvender seg til kommunen med ein skriftlig søknad om å bruke areala.

Søknaden må innehalde tidsrom for arrangementet, type aktivitet og andre behov som må dekkjast. T d sanitære forhold. Kommunen ynskjer også å ha dialog med arrangørar når det gjeld sikkerheitsplan for arrangementet og eventuelle behov for skjenkeløyve.

Aktuelle lenkar kan vere nyttige å lese igjennom:

- <https://www.bygland.kommune.no/store-arrangement-skjema-og-rettleiar.427998.nn.html>
- Skjenkeløyve - einskild høve / ambulerande

For god planlegging så ynskjer kommunen søknadane snarast mogleg. Dersom fleire ynskjer arrangement i same tidsrommet, så er utgangspunktet at «første mann til mølla prinsippet» gjeld.

Lenka til søknadsskjema finn du på Bygland kommune si heimesida.

Aktuelle kontaktpersonar er beredskapskoordinator Rune Larsson (913 38 585) eller tenesteleiar drift og forvaltning Kjell Øyvind Berg (918 63 403)

## Brannvernskurs

Setesdal Brannvesen IKS planlegg å gjennomføra Brannvernkurs, «brannvernsleiarkurs» på Evje Brannstasjon torsdag 8. juni.



*Bilete: Fyrstikkhus i fyr og flamme. Foto: Setesdal Brannvesen IKS*

### Målgruppe:

- Dei som har oppgåver eller ansvar i samband med branntryggleik i bygg.

### Formål:

Å auka verksemdene sin kompetanse om korleis brannvernsarbeidet kan gjennomførast for å sikra liv, helse, miljø og materielle verdiar.

Kjenne til lovkrav som blir stilt til eigarar og brukarar av eit bygg med tanke på branntryggleik

### Kursinnhold:

- Ansvar og krav til eigar og brukar av eit bygg
- Aktuelle lover og forskrifter – om begrepsforståing
- Brannteknisk dokumentasjon, kjenne til avgrensingar/ moglegheiter for bygget
- Brannsikringstiltak (Organisatoriske, tekniske brannsikringstiltak, aktive og passive)
- Brannteori og brannårsaker
- Risikovurdering av bygg
- Branninstruks og rutinar
- Lokalt brannvesen, - samvirke
- Planlegge og gjennomføra opplæring og øvingar
- Krav til vedlikehaldsansvar og kontroll av branntekniske installasjonar
- Dokumentasjon av det førebyggjande arbeidet

- Kunnskap om ulike sløkkjemidlar og bruken av desse (sløkkjeøving)
- Kjenne til dei viktigaste krava når det gjeld lagring av farleg stoff

### Tidspunkt:

Torsdag 08.06.23, kl. 09.00 – 15.00

Maksimalt talet på deltakarar : 15 stk

### Påmelding:

Kurset er i første omgang tiltenkt personar som er tilknyttta verksemdar i Iveland, Evje, Bygland, Valle og Bykle (eigarkommunane til Setesdal Brannvesen)

Minimum talet på deltakarar for gjennomføring av kurs, - 8 stk.

Påmelding til [fredrik.langfeldt@sb-iks.no](mailto:fredrik.langfeldt@sb-iks.no)

Oppgi følgjane informasjon

- Navn
- Adresse
- Firma/organisasjon
- Fakturaadresse

Frist for påmelding: **01.06.23**

### Pris:

Kr. 2500,- pr. deltakar, inkludert kursmateriell, kursbevis, enkel lunsj og sløkkjeøving

### Ved spørsmål kontakt:

Fredrik Langfeldt

Inspektør, Setesdal Brannvesen IKS. Tlf: 94532945, Epost: [fredrik.langfeldt@sb-iks.no](mailto:fredrik.langfeldt@sb-iks.no)

## Oppvekst

### Sommerferie 2023

Siste dag før sommarferien er onsdag 21. juni.

Skulen startar opp att på torsdag 17. august.

**Vi ønskjer alle elevar og tilsette GOD FERIE!** 😊



Foto: pixabay.com

## Plan, bygg og eigedom

### Generasjonsleikane 2023

Bygland husflidslag, Bygland Frivilligsentral og Bygland kommune inviterer til aktivitetssdag der både liten og stor må spele på lag.

Bygland kommune er etter ei søknadsrunde valt ut til å arrangere Generasjonsleikane i 2023 med hjelp frå Senteret for eit aldersvenleg Noreg. Det er duka for leik og moro for alle, uansett alder!



*Bilete: Generasjonsleikar/Senteret for eit aldersvenleg Noreg*

Bygland kommune er etter ei søknadsrunde valt ut til å arrangere Generasjonsleikane i 2023 med hjelp frå Senteret for eit aldersvenleg Noreg. Det er duka for leik og moro for alle, uansett alder!

Arrangementet blir samtidig med **Lislefarmen** på **Presteneset laurdag 2. september kl. 11.00-16.00**. Det blir lokalmat, lokale handtverkarar, leik og aktivitet i ei god blanding. Sett av datoen!

### Møteplass for mangfald og inkludering

I eit aldersvenleg Noreg skal det vere møteplassar og arenaer der alle generasjonar kan møtast gjennom ulike aktivitetar. Ved å legge til rette for at Generasjonsleikane blir arrangert i Bygland, ønskjer vi å bidra til nettopp dette.

### Uansett alder og fysisk form

Generasjonsleikane er eit arrangement med aktivitetar som bidrar til mangfald og inkludering på tvers av generasjonar, og der frivilligheita i samarbeid med kommunen står i sentrum. Aktivitetane er i hovudsak fysiske, men er slik at alle skal kunne delta – uansett fysiske føresetnader.

Generasjonsleikane handlar om å vere aktive saman! Born, foreldre og besteforeldre – ulike generasjonar som er i aktivitet gjennom idrett og leik. Her er det viktigaste å samarbeide og ha det moro, ikkje å vinne. Laga som består av minst to generasjonar, er med på ulike aktivitetar. Desse er lagt til rette slik at alle skal kunne vere med, uansett alder og aktivitetsnivå.

Laga treng på ingen måte å vere eit "familielag". Her kan ein invitere med seg ein god nabo eller studievener.

Vi gler oss til ein innhaldsrik dag i september!

## Kultur

### Sommarles 2023

Sommarles.no er ein digital lesekampanje for 1.-7. klasse, som varer frå 1. juni til 31. august. På Sommarles.no kan du registrere bøkene du les, samle poeng, få kule premiar og lesetips, lese den eksklusive Sommarlesforteljinga, løyse oppgåver og følge med på kva vennene dine les!

*Vil du vite meir om Sommarles? Spør Mari på Bygland folkebibliotek eller sjå altom.sommerles.no*



## Kyrkjene i Bygland

### Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

*Følg med vår heimeside*

*bygland.kyrkelyd.no og på*

*Facebook.*

### Kontakt

Sokneprest:

Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982  
99 711

Prostidiakon: Per

Emanuelsen: 977 19 173



**Andaktar** på Byglandsheimen i mai

- tysdag 13.06. kl. 14.00
- tysdag 27.06. kl. 14.00

**Gudstenester** (med atterhald)

- søndag 18.06. kl. 12.00,  
Friluftsgudsteneste på Tveitå, vestsida av  
Byglandsfjorden v/ Kjell Steinbru



*Bilete: Tveitå. Fotograf: Geir Dåsvatn*

## Bygland Frivilligsentral

**KONTAKT:** Bygland frivilligsentral, Sentrum 18, 4745

Bygland, e-post: [post@bygland.frivilligsentral.no](mailto:post@bygland.frivilligsentral.no).

Nettside: [bygland.frivilligsentral.no](http://bygland.frivilligsentral.no)



**INFO:** I sommar, frå no og til 31. juli vil Olav Grendstad vere vikar for Anne Fauske på BUA. Friviljuge vil fortsatt vere engasjerte, men med Olav som ansvarleg. Alt av spørsmål kan rettes til han, tlf. 906 65 459.

Ved andre spørsmål ta kontakt med leiar samfunnsutvikling/ass.  
kommunedirektør Aslak Brekke, tlf. 916 93 675.

### Opne aktiviteter:

- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

### Andre aktiviteter:

- Seniorsenter: annankvar måndag i oddetalsvekar, kl. 11-14, Pakkbua på Byglandsfjord (med vikarløysing i juni)
- Bingo: annakvar tysdag kveld kl. 18-20, Bygland frivillig-sentral
- Bygdemiddag: (sommarpause fram til 22.08.)
- Open dag på Byglandsheimen: onsdagar kl. 11.00 -14.00
- Styrketrening: torsdag kl. 13-14.30, Byglandshallen (vikar: Astrid)
- Strikkekafé: annankvar torsdag, kl. 18.00 – 21.00 (15. og 29.06.)
- Språkkafé: tysdag i oddetalsveker kl. 12.00 – 13.00, Bygland frivilligsentral (06. og 20.06.)
- Tysdagskafé: annankvar tysdag kl. 12.00 – 14.00 (13.06.)
- Onsdagsklubben i Årdalshallen for 5.-7. klasse: annankvar onsdag (i partalsveker) kl. 19 – 20.30 (med vikarløysing)

### Bygland ungdomsklubb (Følg med på klubben si Facebook-gruppe ☺)

mån: 18.30-20.00, 5.-7. klasse, Byglandshallen

mån: 20.00-22.00, 6.-10. klasse, same sted

ons: 19.00-22.00, 6.-10. klasse, same sted

#### Klubbkvelder 1 gång/månad:

fre: 18.00 - 21.00, 5.-7. klasse, Årdalshallen.

lau: 19.00 - 23.00, 6. klasse – VGS, Byglandshallen



## Tømekalender for Bygland kommune – juni 2023

- *Matavfall og restavfall*: veke 22: torsdag 01.06.
- *Papir og plast*: veke 24: tysdag 13.06.
- *Matavfall og glass/metall*: veke 24: torsdag 15.06.

### Gjenvinningsstasjoner

**Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (14.06.) og

4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (24.06.)

**Syrtevit:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (10.06.)  
Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: [post@smg-iks.no](mailto:post@smg-iks.no) heimeside:  
[www.smg-iks.no](http://www.smg-iks.no), tlf.: 37 93 17 00

### **Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 46:**

*Bilete: Framside: Utsikta frå varden på Vikheii av Olav Grendstad. Innhald (m. m. anna er spesifisert): [pixabay.com](http://pixabay.com), S. Hegenscheidt, Anne Fauske. Kva skjer: Malin H. Takk til alle fotografar!*



*Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Mari Rygg. Byglandsnytt juli 2023: 04.07., skrivefrist 29.06.*

## **KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE**

### **Bygland filmklubb**

Ingen framsyning i juni.

### **Bygdekinoen onsdag 14. juni**

**Kiosksal:** Framsteg 4H

#### **kl. 17.30: Birk & Magna - Den mørke løyndommen til gruva**

##### **OMTALE**

Magna ønskjer svar på kva som eigentleg skjedde med far hennar då han forsvann sporlaust for mange år sidan. Samtidig kjempar Birk for å redde turisthytta som han driv saman med adoptivpappaen sin. Når han forstår at forsvinninga til Magnas far heng saman med si eiga mystiske fortid, slår dei seg saman for å finne sanninga.



**BILLETTPRIS:** 110 kr

##### **FILMFAKTA**

Regi: Christer Steffensen. Språk: Norsk. Produksjonsår: 2023  
Skodespelarar: Filip Kremner, Hermine Svortevik Oen, Bjarte Hjelmeland, Helge Jordal mfl. Sjanger: Eventyr /Familiefilm /Spenning. Nasjonalitet: Noreg. Lengde: 1t. 30min. Aldersgrense: 6 år.

## kl. 17.30: Fast & Furious 10

### OMTALE

I over 20 år har me følgt Dominic Toretto (Vin Diesel) og den utvida familien hans med bilentusiastar. Gjennom åra har gjengen støytt på mange fiendar. No står dei overfor ein av dei farlegaste motstandarane dei nokon gong har møtt. Dante Reyes (Jason Momoa) kjem som ein skugge frå fortida og er ute etter blodhemn. Alvoret eskalerer når Dom forstår at den 8 år gamle son hans er ein del av planen til den nådelause skurken.



Dei kjende og kjære fan-favorittane samlast i Fast & Furious 10. I tillegg til Jason Momoa finn me nye tilskot på rollelista som Brie Larson, Rita Moreno, Alan Richtson og Daniela Melchior.

**BILLETTPRIS:** 130 kr

### FILMFAKTA

Regi: Louis Leterrier. Språk: Engelsk. Produksjonsår: 2023

Skodespelarar: Vin Diesel, Charlize Theron, Jason Momoa, Brie Larson, Helen Mirren, Scott Eastwood, Sung Kang, Tyrese Gibson, Rita Moreno, Ludacris, Michelle Rodriguez, Nathalie Emmanuel, John Cena  
Sjanger: Action /Spenning. Nasjonalitet: USA. Lengde: 2t. 21min.  
Aldersgrense: 12 år.

### YMSE

**STOGA kulturkafé og  
BYGLAND TURISTKONTOR** på,  
Presteneset 10, 4745 Bygland  
**Opningstid sommaren 2023**

- måndag, tysdag, onsdag,  
torsdag og laurdag kl. 11.00  
– 17.00
- fredag og søndag kl. 11.00 -  
20.00, kaffe & meir, tlf. 907  
81 105



*Bilete: Olav Grendstad*



**BYGLAND MUSEUM** startar  
sommarsesongen sin torsdag 22. juni kl.  
11.00 – 17.00



**BJOREN BRYGGE** på Presteneset på Bygland

**Bjoren Brygge**

*juni*

**03. Brygge åpent**  
**9.10.11 åpent.**  
**17. CABALERAS**  
SJÅ EIGE  
ARRANGEMENT!  
**18. Folkemusikk**  
**pub**  
**24. BLUES FEST**  
SJÅ EIGE ARRANGEMENT!

Ved andre ting, bare ring; 93262168

**KONG HANES EFTF.** Sommaravslutning  
laurdag 3. juni kl. 19.00 på Brygga, Bygland



## SETESDAL SOGELAG Sogesamling på Byglandsfjord stasjon laurdag 10. juni kl. 11.00

Setesdal sogelag ynskjer alle velkomne til avduking av tre nye infoskilt (og vonande nylaga stasjonsskilt) med etterfylgjande ljusbiletekåseri på Byglandsfjord stasjon laurdag 10. juni kl. 11.00. Stasjonen var eit viktig knutepunkt for alle setesdølar på byferd heilt frå 1896 til Setesdalsbanen vart nedlagd i 1962.

Gratis deltaking.



### Setesdal Sogelag vil skipe til desse flotte turane i sommar:

☆ 5.-6. juli: tur til Storhedderen med overnatting på Sloaros, i samarbeid med Viking og Villrein. Påmelding før 6.juni: tlf 91560215 eller [unn@hovden.com](mailto:unn@hovden.com)

☆ 29. juli: tur til Rustfjodd, 1055 moh, oppmøte på Ose. Losar er Gunnar D Ose og Harald Moe. Krevjande tur i bratt terreng, ca 12 km.

☆ 12. august: tur til Svorvaren, 1377 moh. Los er Hugo Homme. Krevjande tur, ca 17 km.



# Opne turar 2023

Søndag 4.juni kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 11.juni kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 18.juni kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 25.juni kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 2.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Onsdag 5.juli kl. 12.00	fra Bygland
Lørdag 8.juli kl. 11.00	Bygland-Ose, ikke retur
Lørdag 8.juli kl. 14.00	times tur på Ose (matfestivalen)
Søndag 9.juli kl. 12.00	timestur på Ose (matfestivalen)
Søndag 9.juli kl. 13.30	timestur på Ose (matfestivalen)
Søndag 9.juli kl 15.00	Ose - Bygland, Ikke retur
Onsdag 12.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 16.juli kl.12.00	fra Bygland
Søndag 23.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Onsdag 26.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 30.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Onsdag 2.august kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 6.august kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 13.august kl.12.00	fra Bygland
Søndag 20.august kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 27.august kl. 12.00	fra Bygland

Om turane kl.12.00 er utselde vert det om mogeleg sett opp ekstraturar kl.14.00

## BILLETTPRISAR:

**Familie: Kr. 750,00**

**Vaksne: Kr. 300,00**

**Born: Kr. 175,00**

BOOKING OPNE TURAR:  
**Setesdalsmuseet**



**www.bjoren.no**

Telefon : +47 995 18 203

Epost: [bjoren@aama.no](mailto:bjoren@aama.no)



## KVA SKJER I BYGLAND?

**JUNI 2023**

(med atterhald om endringar)

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
laurdag 03.06.	Bygland kommune	05-16	Color Line Tour 2023
sundag 04.06.	Bjoren brygge, Bygland	12.00	DS Bjoren startar sesongen
onsdag 07.06.	Byglandsheimen	11-14	Open dag
laurdag 10.06.	Setesdal Sogelag, Byglandsfjord stasjon	11.00	Sogesamling på Byglandsfjord stasjon
tysdag 13.06.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
onsdag 14.06.	Byglandsheimen	11-14	Open dag
	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Film: Birk & Magna - Den mørke løyndommen til gruva (ingen aldersgrense)
		19.30	Film: Fast & Furious 10 (12 år)
sundag 18.06.	Kyrkjene i Bygland, Tveitå, på vestsida av fjorden	12.00	Friluftsgudsteneste
onsdag 21.06.	Byglandsheimen	11-14	Open dag
	Bygland oppvekstsentra		Siste skuledag – GOD FERIE ☺
torsdag 22.06.	Bygland museum	11.00	Sommarsesongen startar
sundag 24.06.			Jonsok / Sankthans
tysdag 27.06.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
onsdag 28.06.	Byglandsheimen	11-14	Open dag

Aktiviteter til Bygland frivilligsentralen og ungdomsklubb: sjå s. 14